


Forlis ved Korsneset for 70 år sidan

08.03.2012



Det har ikkje lukkast oss å få tsk i noko betre biletet av den forliste båten

På omlag 70 meters djupn litt vest for Korsneset ligg eit skipsvrak som har vorte ofra heller lita merksemd. Det er Varafjell, som var frå Haugesund og som sokk 30. desember 1942 etter å ha grunnstøtt og slege hol i botn.

Nolevande uskedelingar som såg forliset kan bekrefa det. Dei visar også til at det er omtala i boka **Skipsforlis i Bergensleden**, som Eirk Bakkevig har gjeve ut. Han freista å dykka ned til vraket i 1973 saman med nokre andre men fant det ikkje på grunn av djupna.



[Forliset fann stad ved Korsneset](#)

MS Varafjell vart bygd i tre i 1918 i Norrkøping og levert til eit reiarlag i Stockholm som MS Calsium.

Så hadde båten fleire eigarar i Sverige

og Finland før den kom til Noreg i 2937 som MS Torvang med Johs. Taranger i Torangsvåg som eigar. i 1940 vart båten kjøpt av Leif Skogland & co AS

Varafjell var på belrre 440 brutto registertonn.

Kva var så ramma kring ulukka? 29. desember var båten på veg inn fjorden med kislast frå Ballangen og hadde Odda som mål. På grunn av dårlig sikt med snødrev bestemte kapteinen seg for å ankra opp ved Dimmelsvik. Båten gjekk med sakte fart gjennom Storsund om natta, men kom tydelegvis ut av kurs.

Varafjell tok inn vatn etter å ha truffe botnen og nokon av mannskapet kom seg i land.

Om morgonen vart båten forankra i land med vaierar men dei rauk om ettermiddagen og dermed glei båten ut og sokk. Ei tid ter forliset kom det opp litt olje..

Har du fleire opplysningar om forliset tek du kanskje kontakt med oss?

Av Harald Sætre og Ola Matti Mathisen.